

Fylkesstyret si årsmelding for 2023

Årsmeldinga følgjer årsmøteperioden frå årsmøtet 18. -19. februar 2023 til 16. februar 2024.

Del A: Politisk og organisatorisk oppsummering

Aktiviteten i 2023 har vore prega av lokalvalet. Rogaland SV har styrka seg noko, både når det gjeld oppslutning i val til kommunestyre og fylkesting, og i medlemstal. Ved årsslutt hadde me 1 018 betalande medlemmer, noko som er det nest høgaste i historia. Fylkeslaget og lokallaga har jamn og stabil aktivitet.

Lokalvalet: SV stilte liste i 17 kommunar og i fylket, som er det same som for fire år sidan. På nyåret var arbeidet i fylkeslaget særleg retta mot å sikra lister i alle desse kommunane og støtta opp om det lokale listearbeidet. Me arbeidde og for å stilla ei eller to lister til, men det lukkast ikkje denne gongen. Valresultatet viste ein moderat framgang samla sett, med 4,5% oppslutning i kommunevalet (+0,2%) og 4,4% (+0,3%) i fylkestingsvalet. SV gjekk fram i 9 av 17 kommunar. Totalt fekk me 27 kommunestyrerepresentantar (ein fleire enn sist) og to fylkestingsrepresentantar (uendra). Sjølve valkampen vart greitt gjennomført, og kandidatar og tillitsvalde la ned mykje godt arbeid. Fleire vurderingar og meir detaljert informasjon finst i valkamprapporten som vart godkjent av representantskapet i november.

Landsmøtet gjekk av stabelen i mars. Hovudsakene var val av ny leiar og nestleiar, nytt prinsippprogram og ei fråsegn om sikkerheitspolitikk. Rogaland SV støtta Kirsti Bergstø som ny leiar og Marian Hussein som ny nestleiar, og kan seia seg godt fornøgde med å ha bidratt til at desse vart valde. Prinsippprogrammet innebar ikkje nokon store endringar i SVs politikk. Fråsegna om sikkerheitspolitikk stadfesta i det store og heile også det som har vore SV si linje, men kravet om utmelding av NATO vart fjerna. Rogaland SV ville gjera det tydeleg at strategien då skal vera å arbeida for andre alliansar og sikkerheitsordningar, men nådde ikkje heilt fram med dette.

Fylkesstyret sitt arbeid er i hovudsak organisatorisk, med vekt på **styrking av lokallaga** og medlemsdemokratiet. Styremedlemmene deler ansvaret for kontakt med lokallaga mellom seg, og tar kontakt med lokallaga sine før kvart styremøte. Situasjonen i lokallaga er fast sak på styremøta, og me prøver å hjelpa laga vidare når det trengst. I tillegg har me dialogmøte med eitt og eitt lokallag. I 2023 vart det gjennomført eitt slikt dialogmøte. Fylkesstyret har også arbeidd for å starta lag i kommunar der me ikkje har lag i dag, inkludert eit studentlag på Universitetet i Stavanger. Dette arbeidet er me ikkje i mål med, men me har håp om å få til både lokallag i Sokndal og eit studentlag dersom me bruker noko meir tid og ressursar.

Oppfølging av medlemmene er lokallaga sitt hovudansvar, og fylkesstyret fungerer som ei «andrelinje» ved å støtta lokallaga i arbeidet. Fylkesleiar har tatt kontakt med alle nye medlemmer på e-post for ønskja dei velkommen til SV og forklara kort kva eit medlemskap inneber. Fylkeslaget har også organisert ringerunden til dei som utpå hausten ikkje har betalt medlemskapet sitt, ved å først be lokallaga om å kontakta dei, og deretter ta over dei som

lokallaga ikkje får tak i. Arbeidet kan verka seigt, men gir resultat, og var sterkt medverkande til at medlemstalet gjekk opp i 2023. Etter valet organiserte fylkeslaget ein haustkonferanse for alle medlemmer, fordelt på to samlingar: ei i Stavanger og ei i Haugesund. Tanken med desse samlingane er å skapa møteplassar for vanlege medlemmer på tvers av lokallaga, og særleg rett etter ein valkamp då dei tillitsvalde i mange lokallag har brukt opp kreftene sine for ei stund samtidig som nye medlemmer har kome til og kan vera interessert i eit tilbod. Fylkesstyret seier seg fornøgd med både program og oppmøte på samlingane, og trur dei er viktige både som politisk påfyll og inspirasjon til vidare arbeid.

Fylkeslaget er ikkje minst viktig som ein **møteplass for tillitsvalde og folkevalde** i Rogaland SV. Mellom årsmøta er det særleg representantskapet som fyller denne funksjonen. I representantskapet møtest ein representant for kvart lokallag pluss fylkesstyret, fylkestingsgruppa og kontaktpersonar for dei sentrale utvala til eit fem timars møte laurdag før kvart landsstyremøte. Her utvekslar me erfaringar med og idear til lokalt arbeid, planlegg vidare aktivitet på fylkesnivå og diskuterer sakene som skal opp i landsstyret. På dei fleste møta har me også hatt ei politisk innleiing. Oppmøtet i representantskapet er varierende, men jamt over godt, og det er fylkesstyret sitt inntrykk at dei som kjem får utbytte av møta.

Fylkeslaget har hovudansvar for oppfølging av dei lokale folkevalde. Også i 2023 arrangerte me den årlege **folkevaldsamlinga**, der dei fleste av dei nyleg valde kommunestyre- og fylkestingsrepresentantane deltok. Samlinga er viktig for at dei folkevalde skal bli (betre) kjent med kvarandre og kunna støtta kvarandre i det daglege arbeidet.

Ein viktig funksjon for fylkeslaget er å vera **bindeledd** mellom lokalt og sentralt i partiet. Dette arbeidet er utfordrande. På den eine sida er det viktig at lokale tillitsvalde og folkevalde er kjent med og kan påverka viktige prosessar nasjonalt. Diskusjonen om landsstyresakene i representantskapet vårt er sentrale for å spreia kunnskap om og påverka det sentrale arbeidet. Landsstyrerepresentantane sender ein rapport til representantskapet i etterkant av kvart møte. Eksempel på saker der Rogaland SV ønskjer å påverka er arbeidsprogram for neste stortingsperiode, Nasjonal transportplan og den interne makt- og ressursfordelinga. På den andre sida meiner fylkesstyret at oppgåva vår også er å «skjerma» lokallaga frå stadige initiativ og «pålegg» frå sentralt. Det kan dreia merksemda vekk frå det lokale arbeidet og kontakten med eigne medlemmer, og slita ut dei tillits- og folkevalde fordi ein opplever å ikkje strekka til. Fylkesstyret ser ein tendens til eit aukande strekk i laget mellom ein meir byråkratisk, ressurssterk og profesjonalisert sentralorganisasjon og ein lokalorganisasjon som framleis er drivne av nokre få eldsjeler på frivillig basis.

Samarbeidet med **organisasjonar som står oss nært** har også vore ein del av fylkesstyret sitt arbeid i 2023, utan at me skal påstå at det er eit svært systematisk arbeid. Me inviterer innleiarar frå andre organisasjonar på møte og samlingar, og prøver å delta på deira samlingar når me blir invitert. Samarbeidsavtalen med Fagforbundet i Rogaland er det no planar om å fornya i 2024.

Rogaland SV er i nokon grad synlege på **sosiale medium**. Me har kontoar på facebook og instagram, i tillegg til ein X-konto som nesten ikkje er i bruk. I valkampen brukte me i stor grad sosiale medium, men aktiviteten har dabba av etter det.

Økonomien i fylkeslaget er god, takka vera god økonomistyring og eit nøkternt forbruk. I valåret 2023 har me brukt noko mindre enn forventa og endar med eit mindre underskot enn

me budsjetterte med. Me budsjetterer med overskot i mellomvalår, og med underskot i valår. Rogaland SV har ein solid eigenkapital.

Samarbeidet med SU har vore merkbart betre det siste året samanlikna med tidlegare. Særleg skuldast det at SU sitt fylkesstyremedlem møter fast på møta i fylkesstyret og bidrar aktivt der. Rogaland SU er meir aktive og har hatt ein meir stabil organisasjon enn på lenge, med tre lokallag i fylket: Haugalandet, Stavanger og Sør-Jæren.

Fylkesstyret vurderer vårt eige arbeid til å vera stabilt og godt. Dei fleste styremedlemmene har møtt på dei aller fleste møta, og me fordeler arbeidet greitt mellom oss. Det er sjølvsagt rom for forbedring, og særleg gjeld det arbeidet mellom møta. Utan ein stabil og erfaren fylkessekretær ville situasjonen vore merkbart dårlegare. Samanlikna med andre fylkeslag i SV har Rogaland SV ord på seg for å vera ein veldriven organisasjon. Me trur at god planlegging, rutinar og faste arrangement er ein viktig del av forklaringa på dette. Det store spørsmålet er korleis me kan klara å koma oss opp eit hakk frå den stabile drifta til endå større aktivitet med fleire deltakarar.

Del B: Faktadel

1. Årsmøtet 2023

I Stavanger 18. -19. februar 2023.

81 delegatar frå 17 lokallag, SU og fylkesstyret deltok. I tillegg deltok fleire observatørar og gjestar.

Nestleiar i SV Kirsti Bergstø heldt hovudinnleiinga om den politiske situasjonen. I tillegg heldt toppkandidatane til fylkestinget Monika Kvilhaugsvik og Kari Vestbø innlegg.

Årsmøtet godkjende årsmeldingar og rekneskap, vedtok vedtektsendringar, arbeidsplan og budsjett, behandla landsmøtesaker og valde tillitsvalde.

Årsmøtet vedtok 13 eksterne fråsegner: 1) Rogaland SV sier nei til monsterturbiner, 2) Rogaland SV fordømmer Tyrkias brudd mot internasjonal rett og menneskerettigheter, 3) Havvind må ikke gå på bekostning av natur og økosystem, 4) 6-åringane må tilbake i barnehagen, 5) Språkleg rettferd i skulen, 6) Gjer ord til handling: Vern Sandsfjordområdet!, 7) Palestina, Noreg og folkeretten, 8) Et arealnøytralt Norge, 9) Utenlandsadopsjon, 10) Trygg tunnel på Rv13 gjennom Rødsliane, 11) Avskaff strømbørsen!, 12) Nytt sjukehus i Stavanger må ikkje gå ut over pasientane, 13) En rettferdig asylpolitikk. I tillegg gjorde årsmøtet vedtak om sikkerheitspolitikk, lyntog og redusert forbruk.

2. Landsmøtet

I Ullensaker (Gardermoen) 17. -19. mars 2023.

Delegatane frå Rogaland SV var Jeanette Lea Romslo (Hå SV), Tormod Hvidsten Gjedrem (Gjesdal SV), Nina Stokke (Sandnes SV), Eirik Faret Sakariassen og Oda Eikeland Nilsen (Stavanger SV), Hilde Slotnes (Karmøy SV), Gunnel Mørk (Sauda SV), Reidar Sand (Suldal SV), Beate Aasen Bøe (Time SV), Monika Kvilhaugsvik og Irmelin Sangolt Tjelflaat (Rogaland SV). Anniken Heimdal Tjøstheim og Ingrid Fiskaa deltok som landsstyreprerantar med fulle rettar. I tillegg deltok Joakim Ramsland, Iben Thorkildsen, Eva-Tone Breivik, Ingrid Vikse, Barbara Ósk Ólafsdóttir, Kari Vestbø og Olav Rawcliffe som observatørar.

3. Valkampkonferanse

Konferansen vart halden i Sola 29.-30. april, med 28 deltakarar frå 11 lokallag.

På programmet var det ein del om korleis driva lokalvalkamp, kva me kan forventast frå det sentrale partikontoret, korleis bruka sosiale medium, korleis skriva gode lesarinnlegg, kva toppkandidatane i fylket kan bidra med, korleis overtyda potensielle veljarar på 10 sekund på ulike tema, og praktiske øvingar på debattar og appellar.

4. Folkevaldsamling

Folkevaldsamlinga vart arranger 29.-30. september i Stavanger. 34 deltakarar frå 16 lokallag og fylkestingsgruppa deltok.

På programmet sto privatisering av offentlege velferdstenester, kva fylkeslagets rolle er og kva folkevalde og lokallag kan forventast frå fylkeslaget, ein panelsamtale med erfaringsutveksling, ei innleiing frå Sjukepleiarforbundet (NSF) i Rogaland, budsjettarbeid og korleis jobba med ei sak frå A til Å.

5. Haustkonferanse

Haustkonferansen vart arrangert i Stavanger 28. oktober og i Haugesund 29. oktober med nesten likt program dei to stadene. 28 deltok i Stavanger og 33 i Haugesund.

På programmet var det innleiingar om natur, berekraft og arealbruk, ein del om kva lokallaga arbeider med og kan tilby, og Ingrid Fiskaa snakka om den politiske situasjonen og fylkeslagets rolle.

6. Representantskapet

I perioden har representantskapet bestått av fylkesstyret og desse representantane og varaane frå lokallaga:

Eigersund SV: Martin Liland, med Susanne S. Bukkøy som vara

Hå SV: Jeanette Lea Romslo, med Øyvind Kvitvær Leidland som vara

Time SV: Øystein Nereng, med Beate Aasen Bøe som vara

Klepp SV: Kolbjørn Sandve, med Siv Oltedal som vara

Gjesdal SV: Tormod Hvidsten Gjedrem, med Lars Helge Strand som vara

Sandnes SV: Vidar Ekehaug, med styret som vara

Stavanger SV: Tor Nestande, med Magne Christensen og Oda Eikeland Nilsen som vara

Sola SV: Olaf Schraml, med Espen Watne som vara

Randaberg SV: Linn Eng, med Ask Brekke som vara

Strand SV: Therese Nundal, med Audun Grødem som vara

Hjelmeland SV: Åsmund Sigmundstad, med Silje Sværen som vara

Suldal SV: Tone Mari Sand, med Barbara Ósk Ólafsdóttir som vara

Sauda SV: Gunnel Mørk, med Gry Pedersen Skogland som vara

Vindafjord SV: Bente Kleppe, med Guri Ravatn som vara

Tysvær SV: Henning Bratthammer, med Ingrid Yndestad og Synnøve Bredal Bjelland som vara

Haugesund SV: Britt-Mona Vang, med Truls Aarseth og Alice Botnen Akselsen som vara

Karmøy SV: Monika Kvilhaugsvik, med Hilde Slotnes og John Ferkingstad som vara

Fylkestingsgruppa (v/leiar), stortingsrepresentant (er også fylkesleiar) og kontaktpersonar for sentrale utval har også tale- og forslagsrett på representantskapsmøta.

Representantskapet har hatt fem møte i årsmøteperioden og behandla 33 saker. (Møtet 17. februar er ikkje medrekna.)

7. Fylkesstyret

Fylkesstyret har i perioden bestått av:

Ingrid Fiskaa, leiar
Irmelin Sangolt Tjelflaat, nestleiar
Joakim Ramsland, kasserar
Lise Langåker
Eva-Tone Breivik
Åse Lill Skår
Iben Thorkildsen, SU

Varaer: Edle Songe-Møller, Heidi Bjerga og Stefan Jekic.

Heidi Bjerga har møtt som gruppeleiar på fylkestinget. Monika Kvilhaugsvik og Kari Vestbø overtok (vekslar på å møta) etter at nytt fylkesting vart konstituert.

Fylkesstyret har hatt 11 møte i årsmøteperioden og behandla 77 saker.

8. Komitear og utval

Kontaktpersonar for dei sentrale utvala (oppnemnde av representantskapet i mai):

Internasjonal kontakt: Gerardo Osorio Diaz, Sandnes SV
Kvinnepolitisk leiar: Lise Langåker, Haugesund SV og fylkesstyret
Miljøpolitisk kontakt: Kari Vestbø, Stavanger SV
Fagleg kontakt: Hilde Slotnes, Karmøy SV
Inkluderingspolitisk kontakt: Heidi Bjerga, Sandnes SV
EU/EØS-kontakt: Espen Watne, Sola SV

Valkamputvalet

Irmelin Sangolt Tjelflaat, fylkesstyret (leiar)
Monika Kvilhaugsvik, 1. kandidat
Kari Vestbø, 2. kandidat
Daniel Gudbrandsen, 3. kandidat
Josef Nabavi, 4. kandidat
Alice Botnen Akselsen, 5. kandidat
Joakim Ramsland, fylkesstyret
Olav Rawcliffe, fylkessekretær

Valnemnda

Anniken Heimdal Tjøstheim (Strand), leiar
Martin Liland (Eigersund)
Monika Kvilhaugsvik (Karmøy)
Tore Rosland (Stavanger)
Veronica Berglyd Olsen (Sola)
SU har hatt tilbod om plass, men har ikkje fylt denne.

Revisor

Egil Songe-Møller

Fylkessekretær

Olav Oaland Rawcliffe har vore tilsett i 100% stilling.

9. Sentrale verv

Landsstyret

Irmelin Sangolt Tjelflaat og Ingrid Fiskaa, landsstyrerepresentantar

Varaer: Joakim Ramsland, Monika Kvilhaugsvik, Eva-Tone Breivik og Øystein Nereng.

Sentrale utval

Lise Langåker, kvinnepolitisk utval

Heidi Bjerga, inkluderingspolitisk utval

Elisabeth Aserød, internasjonalt utval

Jeanette Lea Romslo, fagleg utval

10. Medlemmer og lokallag

Lokallag	Medlemmer 31.12.22	Endring	Medlemmer 31.12.23
Eigersund	39	2	41
Gjesdal	29	0	29
Haugesund	92	6	98
Hjelmeland	12	0	12
Hå	24	0	24
Karmøy	58	-1	57
Klepp	24	5	29
Randaberg	18	0	18
Sandnes	131	-2	129
Sauda	19	6	25
Sola	34	-1	33
Stavanger	345	-11	334
Strand	23	0	23
Suldal	32	-2	30
Time	81	0	81
Tysvær	25	7	32
Vindafjord	19	0	19
Direktemedlemmer	2	2	4
Rogaland	1007	11	1018

Medlemsvekst i fem lokallag. Størst prosentvis framgang i Sauda (32%), Tysvær (28%) og Klepp (21%). Uendra medlemstal i sju lokallag. Nedgang i fem lokallag.